

Referat frå foreldremøte for 3. og 4. klasse

Torsdag 14.03.2019

17 heimar møtte til fellesmøte 1. – 6. klasse.

Me begynte møtet der foreldra i 1. – 4. klasse var samla til diskusjon om temaet – Alle andre får lov! Kva grenser har me som foreldre i forhold til andre foreldre?

Foreldra vart her delte inn i grupper. Først fekk dei sjå ein liten snutt om grensesetjing, før dei fekk fekk ein del påstandar som me hadde trykt opp. Det vart fine diskusjonar rundt borda. Til slutt vart det framlagd i plenum det dei hadde kome fram til. Dei fleste foreldra meinte at dette var ei fin oppgåva. Det kom mellom anna fram at det var viktig for foreldra å kunna snakka i lag, og kanskje verta kjent med familiane sine grenser. Viktig at borna forstår og godtek at ein føreheld seg til dei positive grensene som er i den heimen dei vitjar. Det er lærerikt for både barnet og foreldra.

Sak 1. Skule og klassemiljø

I 3. og 4.klasse er det framleis elleve greie elevar som kvar dag kjem på skulen med godt mot og godt humør. Alle ynskjer å læra noko, og alle vil ha det greit med kvarandre. Elevane har vorte flinkare til å arbeida og til å leika i lag, utan å koma så lett i konflikt med andre som dei gjorde før. Ein har lært å tolerera meir av kvarandre, utan at det treng å verta ei stor «sak» av det. Denne utviklinga kjem nok delvis av modning, men og at ein har gjort ein del «lure» ting. Me har for eksempel gått i gymsal. Der det har vore ulike aktivitetar, gått ein liten tur kvar tysdag, og no til sist laga me til eit godt måltid med fin organisering i klasserommet. På den måten ser elevane at me kan ha det kjekt på skulen, men at ein må kunna oppføra seg.

Når det gjeld skulearbeidet har ein lagt stor vekt på lesing og skriving. Elevane likar å lesa, og me startar dagen med at dei les i sine bøker i ca.15 min. Dette er noko dei synest er kjekt. Dei er og flinke til å øva på leseleksene sine heima. I tillegg til leseleksa vil det og vera fint om dei les andre ting. Der kan dei og bruka lesemeister slik som me gjer på skulen.

Som skrivetrening har me no skrive ein del forteljingar og eventyr. Der har målet vore å fremja forteljargleda, og til å verta flinkare til å variera ord og setningar. Me har og lagt vekt på rettskriving, teiknsetjing og skriftforming. I rettskriving er den doble konsonanten ei stor utfordring. Synest elevane har vorte litt flinkare til å stoppa opp, og tenkja over kva regel som gjeld når ein skal skriva slike ord.

I matematikk har ein no vore i gjennom ein periode med gongtabellane. Har her gjort ein del ulike ting for å få variasjon i arbeidet. Likevel kjem ein ikkje unna at ein er nøydd til å pugga tabellane og, dersom ein skal læra dei. Alle elevane er enno ikkje heilt trygge på tabellane. Det er noko som ein må fortsetja å øva på. Når det gjeld + og – oppgåver ser det ut som ein har fått taket på det. Dette gjeld og no tiarovergang med låning og mentetal.

Val av klassekontakt for 5. og 6.klasse. Me gløymde å ta valet på møtet, men eg snakka med Knut Morten Straume som er klassekontakt no, om han kunne finna nye kandidatar. Då sa han at han kunne halda fram med å vera klassekontakt. Manglar då ein vara.

Skrivar: Oddvar Stang
